

# Samstemt kommunal songglede



Nils Erik Eide er initiativtakaren til koret. Han er svært nøgd med den stor interessa frå dei tilsette i organisasjonen.

Då Ølen og Vindafjord kommune vart slått saman til ein stor kommune, fekk dei kommunalt tilsette mange nye fjes å halde seg til.

GRETHE RAVN



Litt oppvarming må til, før ein byrjar å synge.

FOTO: GRETHE RAVN

Initiativtakar Nils Erik Eide synest det var flott å få fleire kollegar i kommunen. Likevel synest han at det var alt for mange ukjende fjes å halde seg til. Det var då han fekk ideen om å starte eit kor – på tvers av einingar, slik at dei som ynskja det kunne bli betre kjende med kvarandre. Det ville vere fint om ein kunne skape noko positivt, utanom arbeidstid, for alle kommunalt tilsette. På hausten i fjor, sende han ut ei innbyding til alle einingar, og oppmoda interesserte til å melda seg. Heile 60 personar melde seg på, og i oktober hadde dei si fyrste øving. Dei øver i hallen ved tenestetorget i Rådhuset og til kvar øving, som er kvar 14 dag, møter i gjennomsnitt 50 medlemmer.

## KORÈ Vindafjord

Koret med det originale namnet, hadde si fyrste oppvising på julebordet til kommunen. Dette tykte deltakarane var ei veldig kjekk oppleving. For det fyrste var det kjekt å kunne framføra song frå eige kor, til eit slikt arrangement. Samstundes var det



Blant medlemma i koret finn ein fire systre. (Fv) Inger Synnøve Knudsen, Hjørdis Torstveit, Ragnhild Nordtveit og Anne Marie Kvammen.

flott å kunne gjere noko saman. Litt av meininga med koret, er å bli godt kjende med kvarande i kommunen. Det resulterer også i godt miljø og ein fin atmosfære.

Med seg på lasset har Eide fått Anita Jørstad Grindheim, som dirigerer koret. Som pianist og med-dirigent har han fått Lasse Jarmer.

Koret har fått ein flott start, og

etter kvart stødige bein å stå på. Dei songglade arbeidstakarane er einige om at øvingane er noko dei gler seg til. Det er flott å kunne møtast slik, eit par gonger i månaden til både song og det å ta ein drøys saman. Sjølv om alle jobbar i same organisasjon, har fleire blitt kjende med nye menneske, og for mange har dei fått eit namn på fjes dei har sett mange gonger



Pianist Lasse Jarmer og dirigent Anita Jørstad Grindheim drar øvinga i gang

før. Blant medlemma finn me mellom anna både rådmann og ordførar i kommunen, men på øvingane er alle tidlar og verv lagt igjen heime. Her er me berre ein flott gjeng med felles arbeidsgi-

var og stor songglede, seier Eide. Han legg også til at dei har plass til mange fleire, om nokon er interessert i å vere med.